



Radøy kommune
teknisk etat
5936 MANGER
postmottak@radoy.kommune.no


2. desember 2019

**Gnr. 27 bnr. 12, FLØHOLMEN AS.
Ny søknad om rammeløyve til utlegging av flytebyggje.
Dispensasjonar - og ny (politisk) handsaming.**

Ein viser til søknader av 4. mai 2009 og 30. juli 2018, kommunens tekniske etat sitt administrative avvisningsvedtak av 06. 09. 2018, (delegasjonssak 226/2018), klage herifrå til Radøy kommune datert 7. september 2018 og Fylkesmannen i Vestland sitt avvisningsvedtak av 11. 01. 2019.

Ein viser vidare til brev herifrå av 18. mars 2019 med nye opplysningar, kommunens revisjon av kommuneplanen i juni 2019, og etterfølgjande korrespondanse med kommune og fylkesmann.

Endeleg viser ein til kommunens brev av 26. november 2019 ref. 18/1814 – 19/16802 der kommunen skriv «... hadde saka vore supplert medsøknad om dispensasjon frå plankrav og byggjegrænse i sjø, hadde saka vore lagt fram for politisk handsaming».




Omsøkt 4. mai 2009

Rammesøknaden av 2009 vart handsama politisk same år og det vart gjeve løyve til omsøkte tiltak på land.

For omsøkte tiltak i sjø tilrådde utvalet å levera innspel til kommuneplanrevisjonen.

Kommuneplanen vart revidert i 2011 og seinare i 2019, med sjøareal avsett til småbåthamn langt ut over det omsøkte frå Fløholmen AS.



Omsøkt prosjekt 2009 med nytt digitalt grunnlagskart (2015) og nytt kommuneplankart (2019) under.

Det er nokre mindre avvik mellom underlagskartet nytta i 2009-søknaden og det nyare digitale grunnlagskartet frå 2015.

Det er betydeleg større avvik mellom underlagskartet nytta i kommuneplanen og den faktiske situasjonen : landarealet ved vestre fabrikkhjørne er utfylt, og Grønholmen er ikkje fullt så brei.

Den omdiskuterte byggjegransa på kommuneplankartet framgår med svart stipla strek.

Med tilvising til kommunens siste brev av 26. november 2019 vert det med dette søkt om dispensasjon frå kommuneplanens generelle plankrav og frå kommuneplankartet

byggjegrense i sjø, for etablering av flytebyggje som omsøkt første gongen i 2009 og andre gongen («ny søknad») i 2018.

Eg tillet meg å be om at den nye rammesøknaden av 20. juli 2018 vert lagt fram for politisk handsaming snarast, saman med denne dispensasjonssøknaden.

Med helsing



Kopi : *Håkon Zakariassen* <post@floholmen.no>